



Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 22.08.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:30 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ørjan Daae	Frp	Nestleiar
Atle Nordland	H	Medlem
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Stian Sjøvik	Sp	Utvalsleiar

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Sigmund Rørvik	Sp	Stian Sjøvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Jan Kvingedal som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
016/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/2023	Godkjenning av møtebok
018/2023	Referatsak
019/2023	Delegerte saker
020/2023	Søknad om godkjenning av vald - Kjetland 56/1
021/2023	Søknad om godkjenning av vald - Midtre Haugsdal
022/2023	Søknad om økonomisk støtte frå fiskefondet i Frøysetelva

016/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

22.08.2023 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 016/2023 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

017/2023: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

22.08.2023 TEKNISK UTVAL

Ved gjennomgang ble det stilt spørsmål om søknaden til direktoratet om fri kalvekvote. Svaret er at dette hadde kommunen fått innvilga. Dette er formidla ut til valdene.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

TU - 017/2023 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

018/2023: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

22.08.2023 TEKNISK UTVAL

Kommunale bruer blir inspisert kvart år. Ved neste TU -Møte skal utvalget få denne rapporten og status på bruene våre. Ansvar Roald Kvingedal.

Søknader om skadevilt for hjort og grågå. Utvalget vil ha en gjennomgang av søknadsprossen til neste møte. Kor mange søknader får kommune kvart år? Ansvar Ottar Myrtveit

Det er sendt brev fra Masfjorden FrP om ekstrabevilging til to kommunale vegar, Fossdalsvegen og Tangedalsvegen. Svaret var at Rådmannen har saka til vurdering / behandling. Ein ber om status til neste TU møte.

Ørjan Daae orienterte om at det er satt ned et utval, som skal sjå på framtidig arbeidsområdet til TU.

Roald Kvingedal orienterte om planlagt asfaltering på kommale vegar, Kjelland, Storemyr, Hostelandslia og nye fartshumper på Areklettsvegen. Gamle fartshumper skal utbedrast og nye møteplasser skal asfalteres

Referatsaker vert tekne til orientering.

Framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

TU - 018/2023 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

019/2023: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

22.08.2023 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke

TU - 019/2023 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering

020/2023: Søknad om godkjenning av vald - Kjetland 56/1

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune ved TU (Teknisk Utval) viser til mottatt søknad med vedlegg og godkjenner oppretting av Vald 4634V0061 Kjetland. Kjetland vert godkjent som eige vald med 1800 daa teljande areal.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med teljande areal som minst tilsvarer minstearealet for vedkomande hjorteviltart, for minsteareal for hjortevald, og forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Heimel: forskrift om forvaltning av hjortevilt § 11

22.08.2023 TEKNISK UTVAL

Saka vart drøfta.

Fylgande vedtak vart lagt fram og samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 020/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune ved TU (Teknisk Utval) viser til mottatt søknad med vedlegg og godkjenner oppretting av Vald 4634V0061 Kjetland. Kjetland vert godkjent som eige vald med 1800 daa teljande areal.

021/2023: Søknad om godkjenning av vald - Midtre Haugsdal

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune ved TU (Teknisk Utval) viser til mottatt søknad med vedlegg og godkjenner oppretting av Vald 4634V0017 Midtre Haugsdal som vert godkjent som eige vald med 8400 daa teljande areal.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med teljande areal som minst tilsvarer minstearealet for vedkomande hjorteviltart, for minsteareal for hjortevald, og forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Heimel: forskrift om forvaltning av hjortevilt § 11

22.08.2023 TEKNISK UTVAL

Saka vart drøfta.

Fylgande vedtak vart lagt fram og samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 021/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune ved TU (Teknisk Utval) viser til mottatt søknad med vedlegg og godkjenner oppretting av Vald 4634V0017 Midtre Haugsdal som vert godkjent som eige vald med 8400 daa teljande areal.

022/2023: Søknad om økonomisk støtte frå fiskefondet i Frøysetelva

Rådmannen sitt framlegg:

Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytegrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadsoverslag. Utbetaling etter at dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart.

22.08.2023 TEKNISK UTVAL

Ørjan Daae er med i grunneigarlaget, og er difor inhabil. Ørjan forlot møte og Atle Nordland tok over som møteleiar.

Før møte kom det spørsmål kring storleik på fondet, årleg tilskot til fondet og løyvingar ei siste 5 år. Det er opplyst frå rådmannen at fondet no har ca. 860.000,- og at årleg tilskot er på 35-37.000,-

Dei siste 5 åra er det kome 4 søknader som har fått tilskot. 3 av desse har vore til Frøysetvassdraget.

Det var ikkje lagt ved spesifisert utrekning av kostnadsoverslaget og dette vart gjennomgått i møte.

TU peika på at ordninga med fiskefondet er lite synleg for aktuelle søkjarar og oppfordra adm. til å gjera ordninga meir synleg gjennom opplysningar på heimeside, i aktuelle tidsskrift osv.

TU bad om god oppfølging av kostnads-/ tilskotssida ved prosjektet.

Ein gjekk og gjennom vedtektene til fiskefondet og i følge §7 her, er det ei grense på kr. 100.000,- som kan vedtakas av TU. Over dette må det avgjerast i Formannskapet. Sidan søknaden er over grensa, må saka difor oversendast til Formannskapet. TU stilte seg likevel positiv til saka.

Fylgande vedtak vart lagt fram og samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 022/2023 VEDTAK:

TU er positiv til at Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytégrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadsoverslag. Utbetaling etter at dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart. Endeleg avgjersle må takast av formannskapet.

Rett utskrift frå møteboka frå Teknisk utval den 22.08.2023 vert vitna:

Stian Søyvik
utvalsleiar

Roald Kvingedal
sekretær